

Informasjon om skuleåret 2014/2015.

Skuleåret tek til for alle elevane på Austebygd skule **måndag 18. august.**

Me startar det nye skuleåret med ei fellessamling i gymsalen kl. 08.15 – før elevane går med kontaktlærarane til sine klasserom.

Sjå elles etter oppslag om skulestarten + skuleskyssen på Sletta Handel og på Nordanger – like før det nye skuleåret startar.

Skulerute for 2014/2015 finn de på baksida av dette arket.

Skuletider for dei ulike klassane:

1.- 4.årstrinn skal ha 25 undervisningstimar og **5.-7.klasse** 27 undervisningstimar i veka.

Skulen tek til kl. 08.15 og sluttar kl.13.30 kvar dag for alle elevane. (Bussen går 13.40)

Inne i denne skuletida ligg tid til

- dei vanlege undervisningstimane
- leksehjelp for elevar på 1.-4.trinn som har meldt seg på denne ordninga / ekstra "friminutt" for dei andre.
- ekstra tid til fysisk aktivitet for elevane på 5.-7.årstrinn

Skulefritidsordninga (SFO):

SFO og barnehagen held fram med samarbeidet ved starten og slutten av opningstida. Morgon-SFO (kl. 07.30 – 08.00), er i lag med barnehagen. Dei som skal på SFO før skulestart, møter då opp i barnehagebygget.

Symjeopplæringa vil gå i dei 2 første timane om fredagane, frå 1.september og fram til 1.mai. Elevane følgjer då skulebussen til Manger om morgonen. Me har eigen buss heim att.

Kontaktlærarar, timelærarar og assistentar ved skulen neste skuleår:

Kontaktlærar på 1.- 2.årstrinn: Liv Vetås

Kontaktlærar på 3.- 4.årstrinn: Oddvar Stang

Kontaktlærar på 5.årstrinn: Linn Stevnebø

Kontaktlærarar på 6.- 7.årstrinn: Liv Pletten og Kirsten Skage Mellingen

Kontorsekretær og assistent på skulen: Heidi Marås

Spesiallærar/timelærar: Birte Andersen Fjellsende

Assistentar på skulen (og på SFO): Gunhild Thomassen og Annelise Gjørtz.

Skulen vil til hausten også få lærling.


I tillegg til administrasjonstida si på skulen og i barnehagen, vil inspektør Vigdis Villanger ha ca. 50% undervisning, med hovudvekt på norsk2.

Personalet ved Austebygd skule takkar elevar og foreldre for godt samarbeid i året som har gått, og ønskjer nye og "gamle" elevar - og foreldre ein riktig

GOD SOMMAR,

og VEL MØTT TIL NYTT SKULEÅR I AUGUST

For alle tilsette ved Austebygd skule


Torunn Tolleshaug Hovden

rektor